

Samhandlingsplakat for legar

God samhandling mellom legar er avgjerande for trygg og god pasientbehandling.

Gjensidig respekt og likeverd skal ligge til grunn for samarbeid mellom legar, og mellom leger og alle andre aktører i helsetenesta

Ved tilvisningar og tilbakemeldingar

Tenk på din kollega som skal ta imot og behandle vidare den pasienten du sender frå deg.

Gje god informasjon i tilvising og epikrise.

Hugs oppdatert medisinaliste og samstemming av legemiddel-liste.

Ha forståing for at tidspress og ulike arbeidsformer av og til fører til at det kolleger overleverar til kvarandre ikkje alltid er så optimalt som man kunne ønskje seg .

Overlat ikkje til din kollega ein jobb du helst og best skulle gjort sjølv.

Om du meiner at ein pasient bør få tilvising/rekvisisjon til ei anna teneste, skriv du denne tilvisinga/rekvisisjonen sjølv, dersom det ikkje er ein klar grunn til å be ein kollega gjere det.

Samarbeid om pasientar med kroniske og samansette lidingar.

Ved kompliserte tilstandar informerar vi kvarandre, søker råd pr telefon eller ved å møte kvarandre. Gjensidig beslutningsstøtte mellom legar bidreg til god pasientbehandling .

Gode avtalar for oppfølging gjev tryggleik for pasienten og sparar tid for din kollega.

Planlegg og lag klare avtalar med pasienten om kontrollar og annan oppfølging der det er nødvendig. Gje skriftleg informasjon til pasient, og noter dette i tilvisingar og epikriser.

La pasienten ta ansvar for å tinge time for oppfølging hos fastlege der det er mogeleg. Gje pasienter som treng det, hjelp til nødvendige avtalar.

Snakk aldri nedsetjande om dine kolleger i møte med pasientar og pårørande.